



MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	17.9.2024 kl.18.00
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen (frå kl.19.40), Astrid Yasmin Furdal (frå kl.18.55), Leiv Rossehaug Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark, Lars Edvart Larsen, Rikard Stokkenes, Arild Steinsland
Fråvær:	Bente Hovland Johannessen, Lars Severin Reiersen
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Arild Steinsland hadde ord for dagen før handsaming av sakslista starta.

SR 85/24	<p>Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden</p> <p>Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen Følgjande saker blei meldt til eventuelt:</p> <ul style="list-style-type: none">• Saker frå fellesrådet om kantorstilling og stilling for kyrkjelydspedagog (ettersendt til soknerådet 16.9)• Orienteringssak frå leiar <p>Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 92/24.</p>																												
SR 86/24	<p>Godkjenning av møtebok/referat frå møtet 22.08.24</p> <p>Vedtak: Referat frå møtet 22.08.24 blei godkjent</p>																												
SR 87/24	<p>Gudstenester sidan sist (orientering)</p> <table border="1"><thead><tr><th></th><th>Prest</th><th>Kyrkjevertgr</th><th>Kommentar</th></tr></thead><tbody><tr><td>24.8 (11)</td><td>RÅ</td><td>6+1</td><td>Konf. Fleire kyrkjevertar enn det var trong for.</td></tr><tr><td>24.8 (13)</td><td>RÅ</td><td>2+3</td><td>Konf For mange kyrkjevertar. Her fekk fleire fri frå kyrkjevertoppgåva.</td></tr><tr><td>25.8.</td><td>RÅ</td><td>4+5</td><td>Konf For mange kyrkjevertar også her.</td></tr><tr><td>5.9.</td><td>AS</td><td></td><td>Konfirmasjonsfest. Fin fest. Blir gjennomført med grunnlag i erfaringar frå tidlegare konfirmasjonsfestar, og det fungerer godt.</td></tr><tr><td>12.9</td><td>Prosten</td><td></td><td>Fin gudsteneste</td></tr><tr><td>15.5.</td><td>AS</td><td>6+1</td><td>Visitasgudsteneste. Fin gudsteneste og stor oppslutnad om kyrkjekaffe. Litt for lite kaker.</td></tr></tbody></table> <p>Det må vurderast om det skal setjast opp to kyrkjevertgrupper på dei gudstenestene der det er venta mange deltagarar.</p> <p>Neste gudsteneste 22.9.24</p>		Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar	24.8 (11)	RÅ	6+1	Konf. Fleire kyrkjevertar enn det var trong for.	24.8 (13)	RÅ	2+3	Konf For mange kyrkjevertar. Her fekk fleire fri frå kyrkjevertoppgåva.	25.8.	RÅ	4+5	Konf For mange kyrkjevertar også her.	5.9.	AS		Konfirmasjonsfest. Fin fest. Blir gjennomført med grunnlag i erfaringar frå tidlegare konfirmasjonsfestar, og det fungerer godt.	12.9	Prosten		Fin gudsteneste	15.5.	AS	6+1	Visitasgudsteneste. Fin gudsteneste og stor oppslutnad om kyrkjekaffe. Litt for lite kaker.
	Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar																										
24.8 (11)	RÅ	6+1	Konf. Fleire kyrkjevertar enn det var trong for.																										
24.8 (13)	RÅ	2+3	Konf For mange kyrkjevertar. Her fekk fleire fri frå kyrkjevertoppgåva.																										
25.8.	RÅ	4+5	Konf For mange kyrkjevertar også her.																										
5.9.	AS		Konfirmasjonsfest. Fin fest. Blir gjennomført med grunnlag i erfaringar frå tidlegare konfirmasjonsfestar, og det fungerer godt.																										
12.9	Prosten		Fin gudsteneste																										
15.5.	AS	6+1	Visitasgudsteneste. Fin gudsteneste og stor oppslutnad om kyrkjekaffe. Litt for lite kaker.																										

SR 88/24	<p>Møte i utvala sidan førre møte (orientering)</p> <p>Fellesrådet: Har handsama utlysing av stillingar som kyrkjepedagog og kantor. Kyrkjesekretær skal slutta i oktober og hennar stilling er nå delt på tre andre tilsette. Dette skal gjelda fram til nyttår.</p> <p>Kyrkjevertgr: Blei ikkje gitt tilbakemelding sidan dei som er med i gruppa, ikkje var til stades under denne saka.</p> <p>Trusopplæring: Har hatt møte. Drøfta forslag til utlysingstekst av stilling som kyrkjepedagog.</p> <p>Diakoniutvalet: Hadde møte med kommunalsjef for helse i førre veke. Veldig positiv samtale. Avklaringar om økonomi og livssyn for stillinga. Songtreffa startar opp etter ferien denne veka.</p> <p>Komite for kyrkjebasar: Skal ha møte denne veka.</p>
SR 89/24	<p>Bispevisitas og prostidag-oppsumering</p> <p>Bispevisitas 11.-15.september var ei positiv oppleving for alle involverte. Mange fine arrangement og ei «vitamininnsprøyting» for kyrkjelydane.</p> <p>Oppsummering: Visitasmelding og visitasføredrag er sendt medlemmene. SR drøfta litt rundt universell utforming av kyrkja (oppmoding frå biskopen), men dette vil bli ei sak for SR seinare.</p>
SR 90/24	<p>«Verdi- og måldokument Sveio sokneråd 23-27» Sjå vedlegg</p> <p>Frå sakslista: «Bakgrunn: klare mål og retningslinjer er essensielt for å skapa ein god arbeidskultur og for å ha ein klar visjon med arbeidet vårt. Det skal vere tydelege bodskap i måldokumentet slik at ein kan byggje vidare på det arbeidet som allereie fungerer godt, og at det kan gje grobotn for nye innspel og idear.»</p> <p>Ny sokneprest bør vera med i arbeidet med verdi-og måldokumentet, og det bør såleis setjast av ein del tid til å arbeida med dette, i januar. Oppmodinga frå biskopen i føredraget hennar bør også inngå i arbeidet med dette dokumentet.</p> <p>Frå føredraget til biskopen:</p> <div style="background-color: #ffffcc; padding: 10px;"> <p>Og til slutt nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lag gudstenester med kvalitet og variasjon som legg til rette for alle aldersgrupper. Hald fram med streaming og overføring av gudstenesta til omsorgssenteret og til alle som ikkje har høve til å koma. Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykker eiga skuld og for å gje Guds ære. • Opna kyrkjhusa for alle. Arbeid vidare med universell utforming. • Og sist, men ikkje minst: Diakonstillinga er innan rekkevidde. De må stå på saman med gode samarbeidspartnarar i kommunen for å få den i hamn. </div> <p>Vedtak:Saka blir utsett til januarmøtet.</p>

SR 91/24	<p>Forretningsorden Sjå vedlegg: «Forslag til forretningsordenen 23-27»</p> <p>Det var ulike syn om kor stor trøng det er for eit slik dokument for å gjennomføra møta i SR. Det meste som dokumentet omhandlar, er sjølvsagde strukturer og prinsipp for offentlege møte. Sidan ein del av medlemmene ønskjer at SR skal arbeida med grunnlag i ein forretningsorden, vil dette truleg gjerast gjeldande.</p> <p>Det vart hevda at dokumentet må ha ein grundig språkvask før det kan bli eit offentleg dokument.</p> <p>Vedtak: Leiar skal arbeida vidare med dokumentet før endeleg handsaming.</p>
SR 92/24	<p>Eventuelt (Saker som blei meldt i sak SR 85/24):</p> <p>Om kantorstillinga: For Sveio sokn har det i meir enn eitt år vore ei stor utfordring for vidare planlegging og igongsetting av tiltak at det ikkje har vore fast tilsetting i stillingane som sokneprest og kantor. Vikarane har vore både godt kvalifiserte og gjort ein flott jobb, men i ei meir langsigkt planlegging har me trøng for å samarbeida med prest og kantor som skal stå for meir stabilitet i soknet. Med vedtaket i fellesrådet når det gjeld kantorstillinga, vil det truleg gå meir enn eitt år før me har ein føreseieleg situasjon knytt til denne stillinga, og det er krevjande for arbeidet i kyrkjelyden.</p> <p>Me ber såleis om at fellesrådet tar ei ny vurdering av utlysing av kantorstilling. Det må avklarast snarast om nåverande kantor vil utvida si stilling slik at kantorstillinga kan lysast ut i nær framtid.</p> <p>Barn frå kyrkjelydane i Sveio har i over 30 år hatt tilbod om å delta i barnekor. Barnekorarbeidet har vore lagt til den ledige kantorstillinga og blitt gjennomført på eit høgt fagleg nivå, både pedagogisk og musikalsk. For tida har barnekoret ein dirigent som er interessert i korarbeid og leier barnekoret på ein framifrå måte. For å sikra stabilitet for barnekoret vil det vera svært viktig at nåverande korleiar kan halda fram også når ny kantor blir tilsett.</p> <p>Om stillinga som kyrkjelydspedagog: Me ber om at fellesrådet tar ei ny vurdering av storleiken på stillingsprosent i lys av årleg tildelte midlar til formålet og fondsmidlar øyremerka trusopplæring. Stillinga bør utlysast som ein stilling på 70% eller meir.</p> <p>Vedtak: Sveio sokneråd ber fellesrådet ta ei ny vurdering av vidare saksgong og utlysing av stillingane som kantor og kyrkjelydspedagog.</p> <p>Orientering: Leiar av soknerådet er på val årleg. Det blir val på ny leiar på møtet i oktober.</p>
SR 93/24	Møtekritikk: Ingen merknader

Arild leia møtelyden i velsigning som avslutning på møtet.

Sveio, 18.9.2024

Solfrid Lier Habbestad
-sekretær-